

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 21.02.2012 kl. 13.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik, Arnfinn Rune Giske, Harald Hole
og Ruth Roald

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen
Frå Giske kommune møtte økonomisjef Sigmund Strand i sak 04/12

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 01/12

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 1. DESEMBER 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 1. desember 2011 blir godkjent.

SAK 02/12

OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR, ÅRSJUL

Saksutgreiing datert 13.02.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil sjå nærare på desse problemstillingane:

- Vidare oppfølging av politiske vedtak i kommunestyre og komite for tekniske saker.
- Vurdere ei utvida oppfølging av vedtaka frå 2010 i kommunestyret

- Bli orientert om konsekvensar av Samhandlingsreforma fortrinnsvis inn i mot mottak av utskrivingsklare pasientar i neste møte
- Bruk av budsjett og budsjettering innan ansvarsområdet for komite for tekniske saker.
- Orientering om status for revisjonsarbeidet
- Vurdering av delegeringsreglement
- Målsetting om 6 møte i kontrollutvalet
- Eventuell orientering om kontrollutval i kommunestyret
- Vurdere andre forhold nemnt i saksutgreiinga seinare i året.

SAK 03/12

REFUSJON TIL PRIVATE BARNEHAGAR – KONTROLL M.V.

Orientering gitt av dagleg leiar i kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen.

Det vart opplyst at refusjonskrav og utbetaling var i samsvar med vedtak.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 04/12

DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN I GISKE KOMMUNE

Orientering gitt av økonomisjef Sigmund Strand.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet konstaterer at det har blitt nødvendig med ei inntektsføring på 28 millionar kroner for å få kommunerekneskapen for 2011 i balanse.
2. Kontrollutvalet vil heretter ha seg førelagt ei økonomisk rapportering i kvart møte.

SAK 05/12

DRØFTING AV FORVALTNINGSREVISJON

Saksutgreiing datert 13.02 2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka når overordna analyse ligg føre.

SAK 06/12
OPPGÅVEDELING I KONTROLLUTVALET
(saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Dag Oksnes følgjer opp vedtak i formannskapet, Anne Lise Hessen Følsvik følgjer opp vedtak innan helse, sosial og omsorg, Arnfinn Rune Giske følgjer opp vedtak i komite for miljø og kultur, Harald Hole følgjer opp vedtak i komite for tekniske saker og Ruth Roald følgjer opp vedtak i komite for oppvekst.

SAK 07/12
VILKÅR VED OMGJERING AV SJUKEHEIM TIL BUKOLLEKTIV
(saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Rådmannen/Kommunalsjefen blir i neste møte bedt om å gjere greie for om det ved omorganiseringa er teke forsvarleg omsyn til pasientane ved sjukeheimen sine rettar ved overføringa.

Møtet slutt kl. 15.55

Dag Oksnes
Leiar
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
nestleiar
(sign.)

Arnfinn Rune Giske
medlem
(sign.)

Harald Hole
medlem
(sign.)

Ruth Roald
medlem
(sign.)